



Det har etter vår oppmoding vorte fart i produksjonen av pepperkakehus og det ein vel kan kalla innstallasjonar med nyfrist måndag for innlevering til SPAR. I skrivande stund er 6 hus og innstallasjonar på plass i butikkens happy corner og uskedalen.no veit at fleire gode prosjekt er på gang

Eit spesielt bidrag er frå Bamsebu i den kommunale barnehagen. Det er ei fantasifull uro som heng og dinglar under taket.

Av husa som no har kome inn merkar vi oss det som er meint å vera ein kopi av Systrene Nilsen.

Slik dysten har teke seg opp er det grunn til å venta eit spennande oppgjær med Festidalen-installasjonen som førebels favoritt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

